

Rosendal Skifestival er lagt til denne helga.

Utanom programmet valde fleire av deltakarane Geitadalstind og Høgeteen som turmål i dag.

uskedalen.no møtte tre spreke toppturentusiastar på veg ned frå Uvanåso, Henrik Andersen, ThomasThorjusseen og Vegard Skårdal

Dei kjem frå Skien, men bur no i Oslo

Dei har alt vore tre gonger før i Kvinnherad. Ulvanåso er likevel eit nytt turmål. I morgon vurderer dei tur på Englafjell.

Den tre timar lange turen til toppen gjekk via Låganoso. I ei høgde på 510 m.o.h tok ein på skia.

Den fyrste nedkøyrsla gjekk mot Børgsdalen. Etter ny tur mot toppen valde ein turen ned over egga motLåganoso.

Dei fleste vel å køyra telemark.

Nær på 20 personar med bakgrunn i ekstremспорт har vore på Ulvanoso i dag, to grupper på Høgeteenog ei gruppe på Geitadalstind.

Karane frå Oslo har mykje positivt å sei om fjella i Uskedalen. Før har dei ofte vore i Sunnmørsalpane.No vert det toppturar i fjella som ligg lenger mot sør og lenger ut mot kystenog havet.

Bilete: Frå venstre: Henrik Andersen, Thomas Thorjussen og Vegard Skårdal

Tekst og foto: KristianOlav Bringedal